

SAUHERAD HISTORIELAG - ÅRSMELDING FOR 2010

Sauherad Historielag hadde årsmøte den 16. februar 2011. Av årsmeldinga går det fram at året 2010 har vore eit aktivt og interessant år. Laget har hatt fleire møter og turar i bygda, og medlemmer og andre interesserte har aktivt slutta opp om dei ulike aktivitetane. Medlemstalet er stabilt, til tross for at det heller ikkje i år er drive aktiv medlemsverving. Økonomien i laget er god. Det er halde 2 styremøter og 5 ordinære medlems-/åpne møter. Dessutan har styret og formannen vore engasjert i ei rekke arrangement og tilstelningar av ulike slag.

I mars arrangerte laget eit åpent møte på Nes skule der h.r.adv. Th. Vale heldt foredrag om retts-systemet i det gamle Grenland og tingstaden Tinghaug på Lindheim. Møtet var godt besøkt, og det kom fleire spørsmål til foredragshaldaren.

Den 22. april hadde me besøk av Svein Vetle Trae som kåserte og viste bilder om «Motstands-rørsla i Aust-Telemark». Foredragshaldaren er mykje engasjert i arbeidet med Heimevernsmuseet på Notodden, og har òg skrive bok om temaet.

I midten av juni hadde laget ein fin tur til plassen Myrene på Klevarsida. Eigaren Einar H. Hem og kona Gunlaug tok godt imot, og hadde mykje interessant å fortelje om livet på Myrene i gamle dagar.

I august arrangerte laget saman med Hjuksebø Vel rusletur på Hjuksevelta, der Nils Angard m/fleire fortalde om verksemda på staden i gamal tid. Hjuksevelta var for omlag 150 år sidan ein stor industriplass i bygda, med mange ulike produksjonar.

Den 20. oktober hadde laget besøk av formannen i Telemark historielag, Ingvar Skobba fra Bø som heldt foredrag om samferdsle i Telemark i gamal tid. Han hadde kalt opplegget «Fra gamp til damp», og tok for seg utviklinga av kommunikasjonane gjennom dei siste århundra.

18. november heldt Ole Bjørn Darrud eit mykje godt gjennomarbeidd og interessant foredrag om «Myllargutens fødsel», der han med grunnlag i kyrkjebøker m.m. søkte å fastslå fødselsåret.

Forutan eigne arrangement har historielaget vore med i arbeidet eller delteke ved ei rekke tilstelningar. Ein nemner i denne samanheng: Sauherad-dagane, Nordagutu Vel's Myllargutarrangement,

Sauherad kommunes møte med Riksantikvaren, og informasjonsmøte på Midt-Telemark Landbruks-kontor om kulturlandskapet i Sauherad. Laget har òg vore med i tilrettelegging av nytt turkart for Sauherad, gjeve innspel til arbeidet med jubileumsbok for Skien-Norsjøkanalen, og sendt uttale i samband med Statens Vegvesens planlegging av utviding av vegstrekningen Sannes – Årnes, og til Sauherad kommune om reguleringsplan for Gvarv. Styret har også sendt kommunen innspel når det gjeld arbeidet med kultursoge for bygda.

Fleire av lagets medlemmer har også i år vore engasjert i arbeidet med registrering av kulturminner. Dette er eit stort og viktig arbeid, og laget vil berømme pådrivarane og lokalhistorisk arkiv for innsatsen som er lagt ned.

Laget har for ein del år sidan gjeve ut to bøker: «Hallvard Gråtopp frå Lindheim skipreide» og «Utvandrarar 1843-1914, pionørtid 1843-1865».

Styret i historielaget har vore uendra i fleire år, men har fra 2011 denne samansetning:

Bjørn Holta, leiar, Gunhild Haugerud, Nils Olav Haugen, Olav J. Haukvik og Ole Thor Ripegut. Varafolk er Asbjørn Dyrud og Nils Leidulf Nerisrud som òg er lagets kasserar.

Revisorar/valnemnd er Aslak Gunnheim og Kittil Dyrud.

På årsmøtet retta formannen ein stor takk og overrekte blomster til dei utgåande styremedlemmer Arnt Håtveit og Kittil Prestholdt. Begge har vore med fra starten i 1986, og har ein stor del av æra for at laget blei starta.

Sauherad Historielag blir 25 år i oktober i år, og dette vil bli markert ved ulike tilstelningar, m.a. arbeider laget med å gje ut boka «Saude og Nesheringar i Amerika».

Arbeidsplan for 2011 viser elles at laget vil ta opp tema som gamle byggeskikkar i bygda, kulturhistoria om Sauherad kyrkje, samt turar til Drangedal bygdetun og Borgestad gård og Borgestad kapell.

Styret takkar medlemmene for interesse og god oppfølging av laget sine aktivitetar.

Bjørn Holta (leiar)